

Landbruks- og matdepartementets forskingsstrategi

Høyringsuttale frå NILF

NILF 29.09.2006

NILF har fått tilsendt Landbruks- og matdepartementets forslag til strategi for forskning og forskingsbasert innovasjon. NILF set pris på å få høve til å uttale seg om strategien før den vert endeleg fastsett. Nedanfor omtalar vi nokre punkt som vi meiner bør vurderast nærmare.

Formål og oppbygging av strategien

Strategien er ei oppfølging av St.meld. nr. 20 (2004-2005) og skal vise korleis LMD innan eigen sektor vil følgje opp dei mål og delmål som er sette opp i meldinga. Kwart departement skal ha eit overordna ansvar for forskning på sine ansvarsområde. Det står lite i utkastet om korleis dette ansvaret er fordelt i praksis. Kanskje spesielt når det gjeld matpolitikk, men også t.d. bygdeutvikling, reknar vi med at det er gått opp grenser mot andre departement. Bakgrunnen for dei strategiske vala hadde truleg vorte klarare om det innleiingsvis hadde stått meir om korleis ansvaret er fordelt mellom departement.

Avgrensinga av ansvaret til dei enkelte departementa er også viktig når det gjeld den pågåande diskusjonen om basisfinansiering av forskingsinstitutt. Punktet er omtala i det høyringssvaret NILF har sendt til Noregs forskingsråd.

LMD startar med å seie at "Landbruks- og matpolitikken skal gi grunnlag for økt verdiskaping og livskvalitet basert på bærekraftig forvaltning av landbrukets og bygdenes ressurser." Etter vårt syn er livskvalitet og bygdenes ressursar blitt litt borte i strategien. Det står mest om landbruk og verdiskaping og mindre om bygdenes ressursar (utanom landbruk) og livskvalitet.

Vi finn relativt svak samanheng mellom målområda (Kap. 2) og dei prioriterte område (Kap. 3). Dette kan ha samanheng med at målområda og prioriterte område i stor grad gjeld ulike dimensjonar. Målområda inneheld også både mål og middel. Spesielt oppfatar vi pkt "2.2 Økt internasjonalt forskningssamarbeid" som eit middel til å nå m.a. kvalitetsmåla i pkt "2.1. Forskning med høy kvalitet og relevans". Internasjonalisering er nærmare omtala i kap. 3.1. som i stor grad er ein omtale av internasjonale organ der Noreg er med. Internasjonalt samarbeid er eit kriterium ved tildeling av forskingsmidlar frå Forskringsrådet slik at utfordringa er korleis forskarane i praksis skal kunne få til enda betre internasjonalt samarbeid enn i dag. Eigenfinansiering av EU-forskning er døme på eit viktig tema i denne samanhengen. Dette spørsmålet er lite omtalt i utkastet, men det må kanskje løysast generelt og ikkje i ein strategi for eitt departement.

Innovasjon og kommersialisering

Innovasjon og kommersialisering er viktige "premissar" for strategien. Som påpeika i utkastet er innovasjon (m.a.) knytt til aktivitet for å auke verdiskapinga (lønsemda) i bedrifter. Ein underliggende føresetnad ser ut til å vere at det som er bra for ei bedrift eller ein sektor, er bra for samfunnet. Er dette utan vidare og alltid tilfelle? På andre sida vil kostnadsreducerande innovasjon i landbruket i stor grad kome forbrukarane til gode. Landbruket klarer sjeldan å behalde rasjonaliseringsgevinsten. Fordelane av landbruks- og matforskning vil difor i stor grad kome forbrukarane til gode. I slike tilfelle kan ein ikkje vente at bedrifter vil finansiere forskning. Dette er m.a. eit argument for at landbruks- og matforskning i stor grad bør

finansierast av offentlege midlar. Det er også eit argument for at ein bør ha eit samfunns- perspektiv på innovasjon, ikkje berre eit bedrifts- og sektorsyn.

Kommersialisering av forskning kan kome i strid med idealet om at forskingsresultat skal vere offentleg tilgjengelege. Kontrollen med forskingsresultat, t.d. knytt til kvalitet og å hindre juks, er i stor grad avhengig av at resultatene er offentleg tilgjengelege. Utstrakt kommersialisering kan hindre publisering og dermed kvalitetskontroll. Det kan også hindre publisering av resultat som ikkje er til fordel for dei som finansierer forskinga. Dette er ein diskusjon som kanskje høyrer heime i ein større samanheng, men det er viktig at departement, Forskringsrådet og forskingsutførande institusjonar vurderer slike problemstillingar ved val av strategiar.

Tematiske område

Forskringsmeldinga (St.meld. nr. 20 (2004-2005)) har prioritert fire tematiske område: Energi og miljø, hav, mat og helse. I følgje pkt 3.4 i utkastet til LMDs forskingsstrategi er det to tematiske område som har direkte relevans for LMDs forskingsstrategi: mat og helse. Det undrar oss at LMD ikkje nemner energi og miljø, ikkje minst med tanke på den omtalen energi og miljø- og ressursforvaltning har fått i utkastet.

St.meld. nr 20 nemner at det er eit stort unnytta potensial for synergjar mellom marin og landbasert matproduksjon. Dette har i liten grad kome til uttrykk i LMDs strategiutkast.

I kapitlet om bakgrunn står at det er ei sentral utfordring å tilpasse den nasjonale landbruks- politikken og produksjonen til nye internasjonale rammevilkår samtidig som ein held fast ved måla for sektoren. Verkemiddelforskning er nemnt under kap. 3.4.4 Landbruk og samfunn, men slik forskning kunne etter vår meining fått større omtale. Implementering av internasjonale avtalar i nasjonal politikk er eit anna tema som vi meiner har for lite vekt i strategien.

På ein del område er vi i tvil om LMD har prioritert rett. Eit eksempel gjeld økologiske produkt. Der står det at eit viktig område er å auke kunnskapen om samanhengen mellom dyrkingsmetodar og innhald av næringsstoff. Vi meiner det er minst like viktig å auke kunnskapen om samanhengen mellom dyrkingsmetodar og miljøeffektar, og kanskje i enda større grad å auke kunnskapen om marknader for økologiske varer og omsetningsstrategiar tilpassa økologiske produkt.

Habilitet

Habilitet er omtalt ein stad i utkastet, i samband med ein omtale av Veterinærinstituttet og NILF. Det er opplagt at habilitet er viktig for desse institusjonane. Vi trur habilitet er eit viktig spørsmål også i andre institusjonar, og vi meiner også at det er viktig å diskutere habilitet i samband med finansiering av forskning og styringsmodellar for forskning. Vesentlege forskingsmidlar er no kanaliserte gjennom KMB og BIP der bedrifter og næringsliv må gå inn med delfinansiering. Samtidig er næringslivet representert i styrande forskingsorgan. Det kan lett bli stilt spørsmål om habilitet i slike tilfelle.

Med helsing

Ivar Pettersen
(sign)